



Per Gjessing Høiland og Grethe Iden
N. Dynnersmau 1
5011 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/1421 - 16/14167

Saksbehandlar:

Laila Bjørge

laila.bjorge@meland.kommune.no

06.07.2016

Gjeld søknad om konsesjon på GBNR 49/11

Som de tidlegare har vorte orientert om vart handsaming av søknaden dykkar møte for Drift og Utvikling 06.06.2016, sak 39/2016 utsett fordi utvalet ynskte meir utdjupande opplysningar om føremål med kjøpet og dei ynskte å synfara eigedomen.

Det er planlagt at saka kjem opp på nytt i møte måndag 5. september kl. 16.00, og det hadde vore fint om utvalet kunne koma på synfaring då. Sjølve møteinnkalling og sakspapir vert sendt ut om lag 1 veke før møte, og me vil koma attende til meir eksakt tidspunkt for synfaringa. Til vanleg brukar møta å starta med synfaringar.

Slik me oppfatta utvalet ynskte dei å vita meir om kva planar de har for overtaking og drift av bruket. Det kan til dømes vera; korleis skal jorda drivast og av kven? Er det planar for å ta vare på bygningane? Kva tenkjer de om korleis skog og utmarka skal skjøttast? Utvalet var og oppteken av føremålet med overdraginga. Slik me i administrasjonen oppfatta søknaden dykkar har det allereie ein fritidseigedom på lo, og har kjøpt denne garden med formål å ta vare på og utvikla den som landbruk. Det hadde vore fint om det kunne gje ei meir utdjupande reddiggjering i høve til dette, då dette er sentrale vurderingar i ei konsesjonshandsaming.

Frist for tilbakemelding vert sett til måndag 15.08.2016

Ta kontakt dersom de har spørsmål.

Med helsing

Laila Bjørge
landbrukssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Mottakere:

Per Gjessing Høiland og Grethe Iden	N. Dynnersmau 1	5011	BERGEN
Per Gjessing Høiland og Grethe Iden	N. Dynnersmau 1	5011	BERGEN
Per Gjessing Høiland og Grethe Iden	N. Dynnersmau 1	5011	BERGEN